

ÅRSMELDING 2023

SAFE-KLUBBEN I KCA DEUTAG



Kort samandrag:

- **SAFE-klubben i KCA Deutag er ein felles klubb for medlemmer i KCA Deutag Modu Operations AS og KCA Deutag Drilling Norge AS.**
- **Stort sett stabilt med arbeid i begge selskapa i Norge.**
- **Medlemstalet har vore stabilt sidan årsmøtet 2023.**
- **Klubben er representert både i styra i bedrifta og verv i forbundet SAFE.**
- **3 hovudoppgjer og 3 lokale forhandlingar/drøftingar kom i mål utan streik.**

The logo for KCA Deutag is displayed on a white rectangular background. The word "KCA" is written in a bold, white, sans-serif font, set against a red rectangular background that has a slight 3D effect. To the right of "KCA", the word "DEUTAG" is written in a bold, black, sans-serif font.

KCA DEUTAG

Årsmelding 14. mars 2023 – 19. februar 2024

Årsmøtet til klubben var på Scandic Voss 14. mars 2023. Det var 24 frammøtte tillitsvalte på årsmøtet. Etter årsmøtet 2023 har klubben hatt følgende styre:

Leiar;	Bjarte Lygre			
	2 år			
Nestleiar sokkel;	Raymond Magnussen Oseberg B	BDA		Ikkje på val
Nestleiar Modu;	Knut Thomas Mogen Askeladden	Tårnarb.		2 år
Styremedlemer;	Bjørn Tore Jensen	Askeladden	DVO	Ikkje på val
	Ralf Risholt	Askepott	Elektrikar	2 år
	Stig Olav Larsen	Askepott	Planleggar	Ikkje på val
	Kristian Stange	Askeladden	Elektrikar	2 år
	Remy F. Rotherford	Ringhorne	Elektrikar	Ikkje på val
	Olav Nordskog (ny)	Ringhorne	Boresjef	2 år
	Andreas Åsebø	Oseberg Øst	BDA	Ikkje på val
Varamedlemer;	Bjørn Solbakk	Askeladden	DVO/ass.kran	Ikkje på val
	Mariann Jakobsen	Espehaugen	Pers.koord.	2 år
	Leif Øxnevad	Askeladden	Elektrikar	Ikkje på val
	Jim Tore Liøen	Oseberg Sør	Ass.borar	2 år
Valstyret til 2024	Ralf Risholt	Modu	leiar	
	Simen Eik Kalve	Modu		
	Roger Johnsen	Land		

Tillitsvalgtkonferansen

Tillitsvalgtkonferansen 2023 fortsette etter årsmøtet og varte fram til torsdag 16. mars 2023. Organisasjonssekretærene i SAFE Thorbjørn Holger Opstad og Stig Rune Refvik var med oss på resten av konferansen, samt Barbro Johansen frå fadderklubben vår Noble.

Det var tariff, HMS/regelverk og organisasjon på sakskartet. Gjensidige ved Mona Vethe og YS fordel vart òg på agendaen. Siste dag var adm.dir Thorbjørn Anhøj med oss og informerte om både konsernet og selskapet i Norge.

Styret i klubben

Me har hatt 4 styremøte: to i Bergen, eitt på Sola og eitt på Voss.

Det har vore godt frammøte på styremøta, og det har vore høve til å delta på Teams. Møta startar med operasjonane me har i selskapet og HMS/hendingar, før dei faste møtesakene.

Endringar i leiinga i KCA Deutag i Norge

I haust vart adm.dir Thorbjørn Anhøj konstituert i ei stilling i leiinga i konsernet i Aberdeen. Driftsdirektør Tom Einar Aasland er no administrerande direktør i Norge. Operasjonssjef for Askeladden, Helge Engevik, er no driftsdirektør.

Bedriftsstyra i KCA Deutag i Norge

I Norge er me 1072 tilsette i begge selskapa (371 i Modu og 701 i Drilling Norge).

Kristian Stange og Ralf Risholt er valte faste representantar i styret i KCA Deutag Modu Operations.

Bjarte Lygre vart valt inn i styret i KCA Deutag Drilling Norge AS.

Det er 3 faste plassar i styret for tilsette som vert valt.

Raymond Magnussen vart valt inn som ein av 4 vararepresentantar.

Arbeidsmiljøutval – AMU

Klubbleiar Bjarte Lygre sit i AMU på Modu, nestleiar Modu Knut Thomas Mogen er personleg vararepresentant. Viktigaste sak siste året for oss er nattarbeid og fordeling av dette.

Konsernet KCA Deutag – internasjonalt

KCA Deutag har overteke landriggane og tilhøyrande personell frå Saipem. Desse skal vere integrert i selskapet i 2023.

Det er om lag 11 000 tilsette i konsernet, inkludert Kenera, RDS og Bentec.

Det er operasjon på totalt 29 offshore-riggar og KCA Deutag eig 128 landriggar.

Operasjonar og HMS

Oseberg Øst var ferdig med borekampanjen våren 2023, og borepersonellet vart flytta til Oseberg C. Oseberg C starta opp att april 2023, og det er blitt utført boring på C-2, som er/var ein svært viktig leitebrønn. Gode indikasjonar på olje og gass, men dessverre måtte ein avbryte boringa grunna trøbbel med brannvasspumpene(!) på riggen.

Plugga brønnen mellombels og gjekk over til C-3. Viste seg å vera ein krevjande brønn, men som vert ferdigstilt i desse dagar. Det er godt med boreplanar på OSC framover, fleire brønnar er under planlegging.

Kvitebjørn har hatt operasjon heile året etter BOP-en kom på plass, ein del intervensjon, og ein brønn som utmerka seg med at alle seksjonane «gjekk på skinner» 😊

Oseberg Sør har hatt utfordringar med F32 og fleire BHA som står att, plugga. Oppgradert borehytta med to nye cyberbase-stolar med påfølgande opplæring/testing. Levert Utsirabrønn F-15 med pumpe, vedlikehaldstans og wireline.

Oseberg B har hatt eit av sine beste år med tanke på HMS. Det er levert 3 brønnar, og ein P&A. Leverer bra når det gjeld oppetid. Ringhorne (Vår Energi).

Eit år utan fallande gjenstandar...til januar 24, leverte C-24 T4, boring og komplettering med ESP-pumper (Electric Submersible Pump), leverte C-17 Rekomplettering med ESP-pumper, leverte C-04 boring og komplettering med gassløft, C-05, boring, komplettert. Bytta bom på knokkelbomkran, skifta alt av slangar på 20 og 50 tonn kran.

Askeladden

På Askeladden det vore operasjon heile året, men noko venting på riggflytting grunna vêret.

Akkurat ferdig med å bore 8 ½" på N-1 CH og skal i gang med lower completion. Etter det skal ein over til N-3 (P&A, drilling, completion).

Stort sett P/A operasjonar, med sidesteg og boring av nye 17 ½, 12 ¼ og 8 ½"-seksjonar. Kan vise til veldig gode brønnleveransar og fine KPI'ar frå riggens. Har lagt i nærleiken av Perfect well på dei siste brønnane.

HMS:

Jekke-gear øydelagt under jekking. Dette blei ein stor jobb, som følge av mangel på deler og gransking.

Askepott

Flytta frå Oseberg til Martin Linge i haust. Den er no skidda over plattformen der ein utfører P/A intervensjon på A-10 akkurat no. Neste på planen er P/A på A-9 og utføre Topp hull på A-5 i slutten av året. Det er estimert arbeid til midten av 2026.

På ASP har dei fått gjennomført mange prosjekt, bl.a. oppgradering BOP, installering av MPD unit og klargjering for HPHT-boring. Det har også blitt installert eit Dynamisk ACS system, mellom Hydra tang og Catwalk maskin, for å optimalisere bl.a. kjøring av casing og inn/utlegging av pipe. Dette vil også bli installert på ASL ved høve.

Planlegg for landstraum.

HMS:

- Februar 2024 – Kabel fra Hydra racker falt ned i rød sone på boredekk.
- Januar 2024 – HP riser fall ut av running tool;

HP riser falt ut av running tool



Det ble raskt klart at running tool ikke var korrekt montert fra land og at dette ikke var blitt identifisert på sjekker gjort av TFMC før kjøring av riser joint. TFMC sjekket riser og running tool for skader, og TFMC informerte at det ikke var skader på running tool eller seal flater. Vi ble enig om å montere running tool tilbake på riser.



Her vises at man kunne skru inn locking dog 2 ¾ turn etter rise hadde falt ut og det vises også at bolt er nå uten gap til body på running tool. Bildet under viser hvordan bolt til dog stod etter at riser falt ut av running tool.

I

Kontoret

På Espehaugen har auka aktivitet på RDS medført ein del flytting av kontorplassar. RDS har mange oppdrag, og må diverre seie nei til fleire.

Innleie og AML § 14-12

Me har hatt mange møter om innleie etter den nye lova som kom. For offshore har det vore lite innleie som har kome inn under den nye lova, men på Espehaugen og basen er det ein del. Me signerte ein mellombels avtale for innleige som føreset bemanningsanalyse for basedrifta på Mongstad.

Klubbkontoret

SAFE-klubben har fått nytt felleskontor på Espehaugen, framleis i første etasje. Klubbleiar Bjarte Lygre er dels på Espehaugen, heimekontor og tidvis på «reisekontor» i Stavanger/Oslo.

Nestleiar sokkel Raymond Magnussen har det siste året vært i full stilling for klubben, og frå nyttår av er dette ein fast stilling.



Me har fordelt arbeidsoppgåver der Raymond har hovudansvar for tariff innan plattformboring/sokkel, tillitsvalte, samt administrasjon og økonomi. Bjarte har område rederi/NR, samt individuelt løna i Drilling Norge både på land og offshore.

På møter med bedrifta og SAFE stiller begge om det let seg gjere.

Tillitsvalte

På Askeladden og Askepott har me tillitsvalte på alle skift, og vararepresentant på dei fleste skift, i alt 22 TV.

På Kvitebjørn, Oseberg Øst/C, Oseberg Sør, Oseberg B og Ringhorne har me tillitsvalte på dei aller fleste skifta, samt ein del med vararepr., i alt 35 TV. Me har òg tillitsvalte på Espehaugen.

I tillegg kjem styret med 10 faste og 4 vararepresentantar, valnemnd med meir.

Område rederi

Område rederi er størst i SAFE med 22 klubbar og om lag 3500 medlemmer. Det var 7 møter i området i 2023, nokre på Teams, fysiske møter og ei samling over 2 dagar. På dei fleste møta var det 2 representantar frå klubben vår. Bjarte Lygre er leiar for område rederi i SAFE.

Lønsoppgjøret område rederi

Hovudoppgjøret mellom SAFE og Norges Rederiforbund var i Oslo 23.-24.mai 2023.

Det var 26 deltakarar frå klubbane i området og AU i SAFE i forhandlingsutvalet. Hilde Marit Rysst var forhandlingsleiar, elles var Kai Morten Anda, Reidar Rikstad, Egil Bjørgås og Bjarte Lygre i «Engere utval», som har samtalanane med tilsvarande utval på rederisida.

På kvelden på dag 2 enda forhandlingane med brot, grunna for stor avstand på krav/tilbod opp mot å behalde kjøpekraft.



Området hadde fleire Teamsmøte med alle klubbane før varsla plassoppseiing og mekling hjå Riksmeklaren 28. juni. Meklinga enda med ei semje om eit tillegg på 6,5%, samt justering av nattillegg til kr 102,50 og auka helligdagstillegg til kr 2275,-. KPlen var 6,2%.

Områdemøte sokkel

I løp av 2024 var sokkelområdet samla til 3 faste, fysiske møter der det var eit felles med alle områda samst med HMS-konferansen i september. I tillegg vart det gjennomført formøte til lønnsforhandlingane. Diskusjonen har dreidd mykje rundt deleproblematikken på helikoptera, pensjon, kommande hovudforhandlingar og anna som skjer i området. Raymond stilte på alle møta.

Lønnsoppgjeret sokkel

I 2023 var det mellomoppgjer på sokkelavtalen, der me ikkje har streikerett og det berre forhandlast på kroner og øre.

Forhandlingene fann stad på Offshore Norge sine lokale i Jåttåvågen, Stavanger 3. mai.

Resultatet vart at alle fekk eit tillegg på 41 700 kr, boring og forpleiing fekk òg 6 747 kr etter «etterslepsmodellen». Nattillegget auka med 4,50 kr, konferansetillegget auka med 6 kr. SAFE valte å skrive ueinigheitsprotokoll på resultatet.

Raymond Magnussen deltok i «engere utval» i forhandlingane.

Lokale forhandlingar/Oljeoverenskomst og drøftingar individuelt løna Modu

Stig Olav Larsen og Bjarte Lygre var med på drøftingane for Modu frå SAFE-klubben, i tillegg var Moduklubben IE og med. For individuelt løna vert det sett ei ramme på 6,5% sentralt, med eit minimumstillegg på 5,2%. Lokalt fekk me sett minimumsramma på 6,2% for dei aller fleste, samt nokre mindre justeringar.

Me har òg hatt drøftingar på mellombels landavtale for Modu, prosjekttillegget no auka med kr 2000,- frå 1.februar 2024.

For «Drilling Norge» hadde me lokale forhandlingar som vart slutført 22. september.

Me gjennomførte forhandlingane i lag med Lederne og Oljearbeidarforeningen IE. For mellom-og riggleiing på plattformboring fekk me ei ramme på 6% der minimumstillegget var 5,6%. Dei som arbeider nattskift får i tillegg auken i nattillegget som tarifferte fekk på Offshore Norge. Og innslagsløna til boresjef vart auka.

Olav Nordskog og Bjarte Lygre deltok i desse forhandlingane for SAFE-klubben.

For landtilsette fekk me ei ramme på 5,8% der alle vart sikra 5,4% i tillegg.

Resterande 0,4% kom me med framlegg om fordeling av blant våre medlemmer.

Roger Johnsen og Bjarte Lygre deltok i forhandlingane for land.

YS – Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund



SAFE er tilslutta Yrkesorganisasjonenes sentralforbund, YS.

Det er YS som «eig» hovudavtalen ein er knyta opp til på sokkel/Offshore Norge.

Det er 250 000 medlemmer i YS fordelt på 12 forbund.

YS er ein partipolitisk uavhengig hovudorganisasjon, og er ikkje knytt til noko politisk parti. Ein liten del av kontingenten til SAFE går òg til YS.

Det er YS som forhandlar fram dei fleste medlemsfordelane ein har i SAFE, som Gjensidige forsikring, Nordea bank, tannhelseforsikring, drivstoffrabatt m.m.

NB: på område rederi «eig» SAFE avtalen sjølv.

Forbundet SAFE



Medieutval og Energipolitisk utval;

Klubbleiar var med i SAFE sitt medieutval, som jobbar med profilering av forbundet og klubbane. I tillegg er me med i Energipolitisk utval som ser spesielt på elektrifisering og energitilgang for bransjen vår. Energipolitisk utval har hatt 4 møter siste året, og vert leia av forbundsleiar Hilde Marit Rysst. Her er det òg tillitsvalte frå operatør- og landanleggklubbane med.

Klubbleiarmøte i SAFE var 7.-8. juni i Stavanger.

Der godkjenner ein rekneskapen frå fjoråret og får informasjon om medlemsutvikling samt fagleg påfyll.

HMS/områdesamling Sola Strandhotell

5.-7. september var det HMS-konferanse i SAFE, kombinert med 1 ½ dag områdesamlingar.

Klubben var her representert med både vernetenesta samt klubbleiar og begge nestleiarane.

Denne fellessamlinga var foreslått av klubben, og vart fullteikna med om lag 90 deltakarar på HMS-delen.

SAFE Kongress

Kongressen er SAFE sitt øvste organ, og finn stad kvart 3. år.

Her vel ein forbundsstyre og heiltidstillitsvalte, set vedtekter og vedtek planar for dei komande 3 åra. Klubben hadde 8 representantar frå styret på kongressen, som starta med ein ekstraordinær kongress der ein vedtok å omorganisere leiinga med m.a. to nestleiarar samt å utvide forbundsstyret, og å kvotere inn alle områda i SAFE.



Hilde Marit Rysst trakk seg no etter 12 år som forbundsleiar, og me hadde 2 kandidatar til dette vervet.

Raymond Midtgård fekk flest røyster, og med seg på laget får han;



1. nestleiar Kai Morten Anda, 2. nestleiar Gro Gullhaug, og to nye forbundssekretærar; Idar Martin Herland og Mats Thune. Desse er på fulltid for forbundet i 3 år (minst 😊).

Bjarte Lygre er fast inne i forbundsstyret, og Raymond Magnussen er vararepresentant.

Vervekampanje



Etter ein vellykka vervekampanje i SAFE frå 15. november 2022 til 15. februar 2023 forsøkte klubben seg på ein eigen vervekampanje som gjekk frå 07. juli 2023 til 15. november 2023, der me delte ut til saman 4 stk. AirPods Pro II, til beste vervar, til 1 tilfeldig vervar og til 2 tilfeldig verva. Trekninga vart utført på årets siste styremøte 28. november 2023.

Profilering

Klubben nyttar deler av lokal kontingent samt alle overføringar frå forbundet til profilering. Det aller meste vert delt ut til medlemene, og siste året har det vore trøyer, arbeidsgenser og strømpes med klubblogo på.

Riggbesøk – medlemsinformasjon

Det har i inneverande periode vore riggbesøk på Askeladden og Askepott.

Me prøver å sende medlemsinformasjon 1-2 gonger i måneden, og i tillegg legge ut aktuelle saker på facebookside for medlemmer.

Elles var det vanskeleg å få tilgang på heliport i Bergen for å ha kontakt med medlemmer ved utreise grunna adgangskontroll, noko som betra seg for oss i haust grunna «fleksible vekterar» 😊



Medlemstal

Det er 436 medlemmer i klubben pr. 13. februar 2024, fordelt på 254 på DN og 182 på Modu, ein nedgang på 8 medlemmer frå i fjor.

Det skuldast at nokon få har bytt forbund og at mange har valt å slutte i KCA Deutag, som vi ikkje klarer å erstatte med nye og overførte medlemmer. Me har det siste året merka ein reduksjon i tal på vervingar samanlikna med det vi er vane med, noko som òg kan skuldast SAFE sin vervekampanje. Det var 22 nye medlemmer sidan sist årsmøte, og 47 nye medlemmer i perioden før.

Det er både tillitsvalte og medlemmer som står for vervingar av nytilsette og andre som kjem over til SAFE. I tillegg er det mange SAFE-arar som kjem frå andre selskap som overfører medlemskapet til oss.

Økonomi

Det er god økonomi i klubben. Det meste av utgifter går til profilartiklar til medlemmer, og inntekter kjem frå lokal kontingent og overføring av bedriftsvise midlar frå forbundet SAFE.

Me set òg inn ein del av lokal kontingent kvar månad til «kampfond» i klubben. Også i inneverande periode støtta me Kielland-nettverket økonomisk med kr 10,- pr medlem.



Samarbeid

Me har eit godt samarbeid med bedrifta, forbundet og andre fagforeiningar. Dei aller fleste sakene me tek opp for medlemene vert løyst på lågast mogeleg nivå i selskapet.

Klubben får god støtte frå forbundet både fagleg og praktisk, og me er med i fleire sentrale utval i SAFE.

Me har samarbeid med dei andre fagforeiningane i KCA Deutag både på lokale forhandlingar og andre felles saker som gagnar alle organiserte, sjølv om me konkurrerer om dei same medlemene.

Me har òg godt samarbeid med dei andre klubbane i SAFE innanfor våre område.

Sauda 16. februar 2024
For styret i SAFE-klubben
Bjarte Lygre
klubbleiar



S. 4 **OMRÅDENE I SAFE**
VED RAYMOND MIDTGÅRD

S. 23 BLI KJENT MED ADMINISTRASJONEN I SAFE